



— Lagsblad —

Nr. 6

September 1932

15 året

Vel møtt.

Atter held me på og skal skriva ein fager sumar inn i minneboki vår. Kanskje det er med sår hug me liksom tek til med dette arbeidet. Frå hjarto stig det ein sukk, det er sjelivet som freistar å blanda seg med susingi ute i naturi. Det strøymer på oss denne vedkjømelege kviskringi frå skogen som atter er i ferd med å leggja burt det grøne sumarsplagget sitt.

Der sviv so mangt eit minne gjenum hugen når haustkvelden kjem sigande regntung og myrk. Du tykkjer det er so sårt at sumaren alt er slutt. Det kjennest som det berre var for nokre få dagar sidan at dette eller hint sumarbiletet vart rulla opp for deg. Kanskje du sat ein kveld attmed strandi. Fjellvatnet låg blankt og roleg og spegla dei krokute bjørkegreinor som tøygde seg ut yver medan auren spratt og småbekkerne sulla og song sine utgamle, men alltid so fredsæle tonar. Det er i slike kveldar ein hev høve til å gløyma all meiningsløysa som me so ofta tykkjest møta. Å kor det kan kvila ein trøytt kropp og sjeli med når ein i slike, dyrtkjøpte

stunder fær vissa um at naturi er til for oss og me er til for naturi, me er bundne saman med uslitelege band og av dette skynar me kor heilt me er samanvaksne med heimlandet sin ovfagre natur. Det er so god ei trøyst og det gjev oss fornøya styrke i trui på vårt eige når me heilt ut må sanna at det som er vårt det er ogso fagert.

Hev me retteleg teke vare på all åndskveik og alle inspirasjonar me fekk i dei vene sumardagarne so skulde me vera godt fyrebudde på å taka til med arbeidet for våre hugmål her i laget. Lat oss syna at me hev vore i livet og naturi sin store skulesal og sankta visdom.

No ventar oppgåvorne på oss. Laget sine yrkegreinor er so vidfemnande at me alle kann finna eit eller anna som høver for våre interessor. I Saumarlaget møtes gjentorne til ideelt lagsarbeid og sers hygienelege samkomekveldar. — Leikeringen driv heilt ut eit kulturupplyftande arbeid med å læra ungdommen upp i både dug og hug til den nasjonale song og turdans. Kva dette hev å segja skynar ein best når ein ope og ærleg lyt vedgå at etterkrigsdansen hev synt oss kor innførd, meiningslaus og roten den i grunnen er.

VONBROT

Eg hev leita etter sanning, etter meining med mitt liv,
eg hev lengta etter lukka når eg drøymde.

Desse gilde, fagre solglytt som i tankeheimen sviv
dei hev hildra so min veikskap heilt eg gløymde.

Eg hev gjenge desse vegar, tykt det glitra og det skein
og eit eventyr av fagnad hev eg skoda.

Ja det tyktest meg i tanken at han smilte kvar ein stein,
og at lukkedraumen grunnen vilde roda.

Kvifor skulde eg meg ganga burt i denne huldreheim,
den som kvarv når soli rann og dagen føddest? —
Ja, ein kaldgufs inni sjeli av den aude skoddeheim
utan von og tru so hjartevarmen gløddest.

Eg hev løynt meg for å skoda dette auga djupt og klårt
Det er veikskap og det syner ingi manning.

Ja eg rymde for meg sjølv når det vart so tungt og sårt
til å møtast heilt med livsens store sanning.

Det eg drøymde um og elska som min dyre eignalut,
det som synt meg, men tok mi livsens fagnad.

At eg ikkje vann det finn eg vel ei meining med til slutt
når eg tagall driv med straumen mot min lagnad.

Karl Myre.

Spellaget som i fyre arbeidsåret greidde so stort og godt eit program vil visseleg likeeins dette året taka til med nytt mot. Her er høve til å røyna seg på tilet, eit framifrå gildt lagsarbeid for deim som hev tid og høve til det. Sist og ikkje minst bed songarlaget um stor tilslutning. På fyrste øvinga har det ikkje synt noko etter at lagsfolk hev hugsa på det som Songarlagsmann skreiv i mai-

nummeret. Atter vil me minna um dette. Ver gilde og kom på øvingane um måndagskveldane, — ver med og styrk den heilnorske korsongen so hjelper du på denne måten til at B.u.l. fær eit songarlag som det stend vyrndad av både i og utanfyre laget.

Med dette ynskjer eg alle hjarteleg vel møtt i det nye arbeidsåret.

K. M.

Norske Messor.

Som lagsfolk vil hugsa so hadde me for nokre år sidan ei kyrkjemennd som gjorde eit fagna arbeid med å skipa til norske messor når dette kunde lata seg gjera. Det var nok diverre ikkje alltid so liketil for denne nemdi å få driva arbeidet sitt soleis som dei hadde hug til. Der vart ofte lagt stein i vegen for framgongen når det galdt norsken i kyrkja. Mange var der nok som gjekk seg trøytt i dette arbeidet, og det er vel den styrste grunnen til at kyrkjenemdi kverv liksom av seg sjølv. Målfolki kunde vel ogso hava grunn til å venta at dei som sat inne med den store magti når det galt kyrkja, snart burde vore komne so langt at dei vedkjende at skulde forkynnigi nå heilt inn til deira sjelelege kjenslor so måtte den ogso gjerast so heimsleg som råd var. Dette synet hev det visst vanta mykje på, då vissast i bykyrkjerne.

Målfolki i Stavanger hev lenge sakna norske messor. Men difor vart gleda so mykje større då Hetland fekk ein norsk talande prest som det er ei san hugnad å høyra på. Eg vil med dette på det beste oppmoda lagsfolk til å gå i Hetlandskyrkja når der er norsk messa. — B. u l. måtte vera dei fyrste til å syna kor umåteleg stor pris dei sette på dette framstiget i norsk leid. Um songarlaget av og til baud seg til å yta sin studdnad for å gjera messorne enno meir festlige. Etter mitt skjøn vilde dette vera ein framifrå god måte til å syna takksem og samhug. l e.

Frå bladstyraren.

Lagsfolk lyt vera gilde og hugsa på at der trengs litegrand bladmat sjølv um Lagsbladet ikkje er so stort. I lengdi vil det verta trøyttande um berre den som styrer med bladet skal sjå seg nøydd til å rota saman alt mogelegt for å fylla dei tome spaltor. Hev de noko som de hev hug å koma med so er eg taksam for det. Det tener alltid eit blad til det beste at der er mange som skriv i det.

Vyrdsamt
K. M.

Saumarlaget

Alle som hev arbeid må vera gilde å syta for at det vert ferdig til marknaden.

Årsfesten laurdag 24. septbr.

tek til kl. 8 $\frac{1}{2}$ Billettar til 3 kr. må løysast på lagskontoret (kl. 10—12 og 6—8) innan fredags kveld.

Send 10 kr.

til

Landslutspelet,

Nordal Brunsgt. 22, Oslo

so fær De 20 luter som tevlar um 3000 vinstar og 2 friluter som tevlar um umframvinsten

Alle som kjøper luter for minst 10 kr. fær dragingslista fritt tilsendt

Norsk marknad.

Sundag 23 oktober tek B u.l til med norsk marknad. Nemndi som alt er i full gang med fyrebuingsarbeidet, lover at det vil verta sers gilde kveldar. Det vert framsyning av spelstykke og elles mykje god underhaldning. Då dei ikkje hev gjeve Lagsbladet noko sikkert program so kjem dette av at det er i tidlegste laget enno, men til ok-

tober-nummeret har dei lova ei betre utgreiding enn denne vesle meldingi som her kjem. I alle høve kann peikast på at dette året vert der mange og gilde ting til utluting. Sume lagsfolk er alt på farten med lutbøkerne, og me vonar at fyrehands salet vil verta til gagnad både for marknaden og for deim som kjøper.

K. M

Saklista



- 24/9 Årsfest.
Nemnd: Korn. Meland, Rasmus Strand, Willy Raugstad, Leidulf Eide, Elbjørg Mjånes Olsen, Kari Arnestad Meland, Astrid Vik, Bergit Vik, Liva Molaug og Martha Kvadsheim.
- 30/9 (Fredag). Fyredrag av høgskulestyrar Martin Birkeland.
Song av songarlaget.
- 2/10 Tilstelling til bate for Tuberkulosesaki. Tilskipa av sundagsnemndi. Tale av domprost Jervell.
- 6/10 Innlegg um folkerøystingi 10/10. Solosong.
- 9/10 Spelkveld.
- 13/10 Fyredrag.
- 20/10 Leikemøte Kaffi og kringla Øystein Vågen fortel frå årsmøte i Noregs ungdomslag.
- 23—30/10 Norsk Marknad.
- 3/11 Stutte fyredrag.

A. HESKE

Bil-transportkompaniet - Telefon 3865

Allslags flytting og transport til rimeleg pris.

A. HESKE

TELEFON 3865

Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger.

S. Undems Boktrykkeri.



Presanger! Bryllupsgaver!

Alle slags SØLVSKEER og GAFLER
moderne mønster samt

Forlovelsesringe
i største utvalg

Gullsmed Martin Soma
ARNEAKEREN TETEFON 765



Landbruks- og Hagebruksbøker

alltid på lager.

K. OPSANGERS BOKHANDEL

Kirkegaten 11, Stavanger

RØKEARTIKLER

bør kjøpes i en specialforretning

Vi har det største utvalg
og priserne er rimelige

HAVANA MAGASINET A/s
Kirkegaten 1.

LIVSTRYGDELAGET ANDVAKE.

(Noreg — Island)

Alle slags livstrygging, gode vilkår. Andvake nyttar berre norsken i alt arbeid, og styt gode norskmålstiltak. Alvorlege målfolk kjem difor meir og meir til det at det er til bate for både dei sjøve og saki deira å ta tryggingane sine i

Andvake.

Agentar i Stavanger:

*Gunhild Bjerkreim, Lars Bjørheim,
T. Goa, Alfred Løvik, Magnus Våge,*

Matstova og Kaffistovorne til BONDEUNGDOMSLAGET

er sjølsagt rette staden for lagsfolk og andre
som vil stetta svolten eller kvila ei stund.

Alle slags smørbrød - Varme rettar - Middag på Matstova

Ingi gáva

pryder

som blomar frá

Blomsterhallen

O. THORSNES

KIRKEGATEN 42 - TELF. 3690

Alle slags skotøi

Billigt og godt! Gjør et forsøk.

J. Østebø

Telefon 1878 **Stavanger** Verksgt. 2

*Parafin hengjelampor
Ell. ljosekronor
Steinty - Postelin
Glasvaror*

En gros

En detail

**MASKIN-
HUSET**

Indeh. Thorvald Veir
Bredgaten 9
Stavanger




»DURKOPP«

Drikk

Varhaug

Kulturmelk



**Foto-
artikler**

Fremkalding - Kopiering

A. T. GREVE

Kirkegaten 8

GODT DRIKKA!

Hjå meg kann De få kjøpa brus, selters, boco, søt og sur
saft, epleaft, Vyrterøl frå Aktiebryggeriet (A. B. C.)

————— Løna med fleire medaljor —————

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

—————KONGSGATA 36—————

Telefon
727 k



*Dette firma har byens største utvalg
i slagverk og jassinstrumenter.*

Avbetaling innrømmes

H. T. RUUD A.s

Kirkegaten 40

N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og
Fede vareforretning**

R. G. Klovning

Breigata 20 :: :: :: :: ::

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

A. Mauland A/s

Klostergaarden

Telefon 2645

Elektrisk Forretning

Radioapparater

KILOWATT

Engelsmindegt. 15 - Telf. 3119

LARS BØ

ELEKTRISK INSTALLATIONSFORRETNING

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rigstelefon 3020 - 3089

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING :: ::

ETABL. 1828

OLAV HAMRE

TELEFON 3440 - NYTORGET

Alle slag Tobakkvaror

Stort utval av

Sjokolade - Drops - Frukt

*For ikkje mange år sidan høyrde
ei bokbu til berre i byen.*

*Endå er det ikkje lett å driva
ein god bokhandel på landsbygdi.
Difor hugs å kjøpa det du treng
i min forretning istadenfor å senda
tingingane til byen.*

Jonas Jørstad

Bokhandel - Papirhandel

BRYNE.

Solo



MARGARIN

Det beste

De fær for pengane!

SS



MARGARIN

STAVANGER SMØRFABRIK.